

Kystsoge vekene 99

Stiftinga Kystsogekene




Foto: Tourist Photo, Willy Haraldsen

Kystkultur -
tradisjon og utvikling...

SpareBank 1 Vest

Stiftinga Kystsogevekene

Det 3-årige prosjektet Kulturformidlinga Håkon den Gode er slutført. Frå 1. januar 1999 er tiltaket etablert som Stiftinga Kystsogevekene, vedteke på stiftingsmøtet 17. februar 1999.

STIFTINGA KYSTSOGEVEKENE er ei ikkje-næringsdrivande stifting med føremål å stimulere og virke som pådrivar og fagleg instans for utvikling av kystkulturtilbod og koordinering av årlege Kystsogeveker i Hordaland og Gulen.

Med i stiftinga er 18 kystkommunar, Hordaland fylkeskommune og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.

Representantskapen sin ordførar
varaordførar

Steinar Olav Namtvedt
Lorentz Lunde

Styret:

Nordhordland og Gulen

Bergen og Omland

Sunnhordland

Hordaland og Bergen Reiselivsråd

Hordaland fylkeskommune

Varamann

Vilgerd Storset Husa

Hans Berge

Odd Bondevik

Tryggve Fitje

Aasmund Mjeldheim

Ola Ersland



Tryggve Fitje

Styreleiar: Tryggve Fitje

Kjære publikum og alle medarbeidarar

er hos oss – frå Sogn til Bømlafjorden – sploderer kystkultur-aktivitetar i ein månadlang festival i august. Vi inviterer til attersyn og tradisjonar, og vi løftar kket mot ei framtid som også skal gi rom for kreativitet. I tomenale augustdagar i 97 og 98 har vi synt ein heil nasjon kysten eig verdiar som også teiknar eit bilete av Noreg si ge.

et er dette arbeidet vi skal føre vidare frå år til år.

eskommunar – kommunar – lag og mange, mange tusiastar er solide støttefundament i dette byggverket. Og eg a, eg er ekte glad for at ein så sentral del av vår eigen ntitet lever og inspirerer med så stor kraft.



ter kvart så vil kommunar og samarbeidande kommunar få veksande ansvar for eigne aktivitetar. ette ligg også eigenverdien av å forme, skape og presentere det nære og kjende, for så å sprengje enser for det som måtte stå i vegen for samlande kulturengasjement.

inskje skulle vi også gå i vesterveg? Eit nord-atlantisk samarbeid skulle ha i seg mange nlande trekk.

ulle dei fire Håkonarspela og andre kulturprogram gjeste kvarandre?

stsoगेवेke har i god tradisjon si eiga kunstutstilling. I år skal vi presentere forfattaren Johannes ggland med eigne diktardord og eigne bilete. Så kan alle kultur-elskande menneske få møte ein av reg og Vestlandet sine største nolevande skapande kunstnarar også på denne måten.

ste år – 2000 – har vi planar om å invadere Bergenhus Festning laurdag 5. august under den isielle opninga av Kystsoगेवेke. Da vil vi vise Håkon den Gode sitt liv «frå vogge til grav» it samla Håkonarspel – ved Håkonshallen. Enno ein gong skal Håkon den Gode vere hovudperson historisk grunn i Bergen.

eit at idealismen rår i alle dei 18 kommunane som er med i Kystsoगेवेke. Så må alle som kar vår eigen kulturarv – frå ordførar, politikarar, kulturansvarlege og enkeltindivid – vere med opne eigen kommune for alle oss andre. Når positive menneske møter kvarandre så veks vi alle, vi gler oss til å gi maksimalt for å glede andre. Samarbeid gir glede.

I møtt til Kystsoगेवेke 1999.

g hugs: Det gror rundt ja-menneska.

Ragnhild Randal

gnhild Randal
gleg leiar

KYSTSOGEKALENDER

Nordhordland og Gulen, Bergen og Sunnhordland

7. august til 5. september 1999

7. august

Eivindvik/

Flolid:

Offisiell opning av Kystsogeveke 1999. Kl. 15.00

v/næringsminister Lars Sponheim

Årspannere. Håkonarspel: «Håkon Adalsteinfostre i Gula» etter offisiell opning. Gulatinget. Vikingmiljø med langskip, vikingtun, dyre- og folkeliv, vikingmat, kramkarar og handverkarar frå kl.12.00.

Etter spel – opningsfest for alle.

Vikingdans på Eivindvik Hotell.

Brekke/

Gulen:

Gulatingdans på Brekkestranda Fjordhotell.

Bakkasund/

Austevoll:

Museumskafe open kl. 11.00-14.00.

Oppe hus på Storekalsøy Museum kl. 12.00-16.00.

Moster Amfi/

Bømlo:

Bibelopplesing og foredrag/kunstnerisk. Kl. 11.00-13.00.

Årbakka/

Tysnes:

Jubileumsutstilling Johannes Heggland. Kåseri ved Johannes Heggland «Liv og diktning». Open landhandel med servering av østers og urte-krydra mat.

Fedje:

Fyr safari til Hellisøy fyr. Kl. 12.00-15.00.

8. august

Eivindvik/

Flolid:

Framsyning. Håkonarspel: «Håkon Adalsteinfostre i Gula» kl.15.00.

Gulatinget. Vikingmiljø med langskip, vikingtun, dyre- og folkeliv, vikingmat, kramkarar og handverkarar frå kl.12.00

Ute gudsteneste kl. 13.00.

Kvalvåg/

Austevoll:

Gudsteneste, omvising i Kvalvåg, oppe hus i «Pettershuset», Nordsjøløypa, kafé i «Sigurd'n», marknad og sal av rømmegrøt og spekemat. Kl. 11.00 -16.00

Bakkasund/

Austevoll: Ope hus på Storekalsøy Museum. Kl. 12.00-16.00

Espevær/

Bømlo: Espeværsdag. Omvising i Baadehuset og i Hummarparken, laksegrilling, sjørøvarklubb for born, demonstrasjon av gamle motorar m.m. Start kl. 11.00.

Fedje: Fyrsafari til Hellisøy fyr. Kl. 12.00-15.00.

Holme-



knappen/

Meland: «Holmeknappen kaikafe» er open kvar sundag i august.
«Krambua». Sal av kunst/husflid frå «Vilja».
Ope kvar sundag i august kl.14.00-18.00.

11. august

Eivindvik/

Gulen: Turmarsj til Svabergfjellet med turleiar. Kl. 15.00.

13. august

Moster Amfi/

Bømlo: Urpremiere «Jesus Christ Superstar».

14. august

Haakonvern: Årspremiere Håkonarspel. «Håkon Adalsteinfostre» kl. 15.00
Open base for spelpublikum. Kl. 14.00-18.30.



Austrheim/

Fonnes: Utstilling av sjø- og fiskereiskapar, demonstrasjon av gamle handverkstradisjonar og mykje meir. Kl. 10.00 til 16.00.

Moster Amfi/

Bømlo: Framsyning. «Jesus Christ Superstar».

Færevåg/

Tysnes: Rekkjetunet. Prøveframsyning av «Tysnesmyter» med Ingelin Røssland og Åsne S. Søreide.

Fedje: Fyrsafari til Hellisøy fyr. Kl. 12.00-15.00.

15. august

Eivindvik:

Niels Griis Alstrup Dahl – dagen. Kulturvandring, fiskesuppe, utstilling, føredrag/dramatisering. Tema: Prost Dahl sin innsats for folkehelse. Kl. 13.00.

Holmeknappen/

Meland:

Holmestova museum. Framsyning av gamle handverkstradisjonar og lefsebakst. Kl. 14.00-18.00.

Holmeknappen/

Meland:

Sjøbua museum. Lokale guidar er på plass. Sal av produkt frå Norsk tradisjonsfisk. Kl. 14.00-18.00.

Friluftsgudsteneste. Kl. 11.00-12.00.

«Krambua». Sal av kunst/husflid frå «Vilja». Kl. 14.00-18.00.

«Holmeknappen kaikafe» er open kvar sundag i august.

Moster Amfi/

Bømlo:

Framsyning. «Jesus Christ Superstar».

Fedje:

Fyrsafari til Hellisøy fyr. Kl. 12.00-15.00.

16. august

Moster Amfi/

Bømlo:

Livet langs kysten kring 1850. Undervisningsopplegg for skulen. Kl. 09.00-13.00.

17. august

Moster Amfi/

Bømlo:

Livet langs kysten kring 1850. For skulane. Kl. 09.00-13.00.

18. august

Håkonshella/

Bergen:

Gamaldags bedehuskveld i Vassenden bedehus. Kl. 19.00-21.00.

Moster Amfi/

Bømlo:

Livet langs kysten kring 1850. For skulane. Kl. 09.00-13.00.

21. august

Fitjar:

Årspaniere Håkonarspel. «Kongen med Gullhjelm». Kl. 15.00.
Bunadparade i Håkonarparken v/ Fitjar husflidslag.

Brekke/Gulen: Slåttgraut og trekkspelmusikk i samfunnshuset

Fedje: Årspremiere. Fedjespelet.
Torgdag. Salsboder, aktiviteter og underholdning.
Fyrsafari til Hellisøy fyr. Kl. 12.00-15.00.

22. august

Fitjar: Framsyning Håkonarspel: «Kongen med Gullhjelman». Kl. 15.00.

Masfjorden: Bjørn West-marsjen. Turmarsj som går frå Little Matrestølen over Kringlebotn til Stordalen. Deltakarane blir køyrde i buss frå Matre til Little Matrestølen frå kl. 07.30 til 10.30.

Fedje: Fyrsafari til Hellisøy fyr. Kl. 12.00-15.00.

**Holme-
knappen/
Meland:**

«Holmeknappen kaikafé» er open kvar dag i august.
«Krambua». Sal av kunst/husflid/ frå «Vilja». Ope kl. 14.00-18.00.

23. august

**Manger/
Radøy:** Bogatunet. Ein «familie» vil bu på tunet og levandegjera kvardagen for ein familie på 1850-talet. Ope kl. 12.00-18.00.

**Moster Amfi/
Bømlo:** Livet langs kysten kring 1850. For skulane. Kl. 09.00-13.00.

24. august

**Manger/
Radøy:** Bogatunet. Ein «familie» vil bu på tunet og levandegjera kvardagen for ein familie på 1850-talet. Ope kl. 12.00-18.00.

**Moster Amfi/
Bømlo:** Livet langs kysten kring 1850. For skulane. Kl. 09.00-13.00.

Fitjar: Temakveld i Biblioteket – Fiske i gamle dagar. Utstilling av modellar av notabruk osb. Foredrag/kåseri.

25. august

**Manger/
Radøy:** Bogatunet. Ein «familie» vil bu på tunet og levandegjera kvardagen for ein familie på 1850-talet. Ope kl. 12.00-18.00.

28. august

- Eivindvik:** Anders Hovden – kveld i Gulen kyrkje.
- Manger/
Radøy:** Bogatunet. Ein «familie» vil bu på tunet og levandegjera kvardagen for ein familie på 1850-talet. Ope kl. 12.00-18.00.
- Fitjar:** Kulturkveld i Biblioteket. Konsert med bilete «Musikk og bilder». Pianist: Turid Bakke Braut, bilete: Jan Rabben.

27. august

- Manger/
Radøy:** Bogatunet. Ein «familie» vil bu på tunet og levandegjera kvardagen for ein familie på 1850-talet. Ope kl. 12.00-18.00.

28. august

- Seim/
Lindås:** Årspremiere. Håkonarspel: «Håkonarvarde». Kl. 16.00.
Håkonarhelg i Seim.
Guida historiske vandringar, open kyrkje, open gard, salsutstilling, servering i Strilatun og Vallavik Feriesenter. Ringbuss rundt Seim heile dagen.
- Fedje:** Fyrsafari til Hellisøy fyr. Kl. 12.00-15.00.
- Bekkjjarvik/
Austevoll:** Askøy-strilane – «Skillingsviser ved dei over 60 og ikring». I Hengjo kl. 18.00 og 21.00, «Hamp og Havstril». Folkeliv, mat og kultur i Bekkjjarvik. Handelsstanden skipar til torgdag.
- Sagvåg/Stord:** Vervadag på Jensanes.
- Byrknes/
Gulen:** Gulen fiskarbondemuseum. Omvising og opplevingar i verna sjøbruksmiljø. Utstilling: «Farande lag» – saga om utviklinga av telenettet, som mange gulingar har vore engasjerte i. Ope laurdag og sundag kl.14.00 – 17.00.

29. august

- Seim/Lindås:** Framsyning. Håkonarspel: «Håkonarvarde». Kl. 16.00.
Håkonarhelg i Seim. Håkonarmarsjen 99. Start kl. 09.30.
Guida historiske vandringar, open kyrkje, open gard, salsutstilling, servering i Strilatun og Vallavik Feriesenter. Ringbuss rundt Seim heile dagen.

Takle/Gulen: Open dag. Stamping/toving av klede, kverning av mjøl, sliping på eineståande nyrestaureert vassbruksanlegg.

**Byrknes/
Gulen:**

Gulen fiskarbondemuseum. Omvising og opplevingar i verna sjøbruksmiljø. Utstilling: «Farande lag» – saga om utviklinga av telenettet, som mange gulingar har vore engasjerte i. Ope laurdag og sundag kl.14.00 – 17.00.

Fedje: Fyrsafari til Hellisøy fyr. Kl. 12.00-15.00.

 **Manger:** Manger Kyrkje. Gudsteneste i gamal stil kl. 11.00. Bogatunstemna. Vert samordna med opplegget i Manger Kyrkje.

Radøy: Haustdag i Tjorehagen. Hagevandring, haustrabatt på hageplantar, kaffi og vaflar.

Bekkjarvik/

Austevoll: Friluftsgudsteneste på Skjeret i Bekkjarvik kl. 11.00. «Christ-kids». Familieframsyning i Hengjo kl. 16.00.

Sagvåg/Stord: Friluftsgudsteneste på Verven. Kl. 11.00.

Lykling/

Bømlo: Gruvevandring kl.14.00. På vandringa møter ein rallarar med sine rallarviser.

**Sunnhordland
folkemuseum/**

Stord: Konsert inne i utstillinga om Baard Haugland. V/distriktsmusikarane i Sunnhordland. Kl. 19.00

Holmeknappen/

 **Meland:** Holmestova museum. Framsyning av gamle handverktradisjonar og lefsebakst. Kl. 14.00-18.00.

Holmeknappen/

Meland: Sjøbua museum. Lokale guidar er på plass. Sal av produkt frå Norsk tradisjonsfisk. Kl. 14.00-18.00.

Holmeknappen/

Meland: Vestbygd-marsjen. Start lang løype kl. 12.00, kort løype kl.13.00.

30. august

Moster Amfi/

Bømlo:

Livet langs kysten kring 1850. For skulane. Kl. 09.00-13.00.

31. august

Moster Amfi/

Bømlo:

Livet langs kysten kring 1850. For skulane. Kl. 09.00-13.00.

1. september

Sunnhordland

Folkemuseum/

Stord:

Kåseri om Baard Haugland. Kl. 19.00.

3. september

Knarvik/

Lindås:

Landskonferanse om diabetes. Av forelesarar nemner me:
Prof. Rune Blomhoff, Prof. Jack Jervel, Ingrid Espelid Hovig,
ernæringsfysiolog Henriette Øien

4 september

Brandasund/

Bømlo:

Torghandel. Trekkspelmusikk, servering av tradisjonell kystmat,
ope på fabrikkloftet kl. 12.00-01.00, ankomst av båtkonvoi.
Bømloteateret fortel historier og underheld kl.21.00.
Naustvika ullverkstad og steinsmie. Demonstrasjon og sal
av brukskunst kl.10.00-17.00.

Moster Amfi/

Bømlo:

Bibeloppleing og foredrag/kunstnerisk. Kl. 11.00-13.00.
Opning av jubileumsutstilling Johannes Heggland.

Kanalane

på Bømlo:

Båtkonvoi gjennom Røyksundkanalen, Kulleseidkanalen, Drageid-
kanalen og Dørastokken. Ankomst Brandasund om ettermiddagen.
Torghandel, trekkspelmusikk, servering av kystmat, ope på fabrikk-
loftet – Bømloteateret underheld.

Knarvik/

Lindås:

Miljøkonferanse. Emne: Miljøvern sett i eit lokalt, nasjonalt og
internasjonalt perspektiv – Klima ute / inne – Biologisk forureining.
Familedag i Knarvik Senter. Servering av gratis frukost –
MINIMILA for jenter og gutar 6 – 11 år – Underhaldning.
Kyrkjekonsert med Ytre Suløens Jazz-ensemble.
Trenarseminar der bl.a. Vebjørn Rodal deltek.

5. september

Kanalane på Bømlo:

Båtkonvoien går vidare til Mosterhamn. Tandem-teamet har sykkelløp som fylgjer konvoien frå land. Avslutning av konvoien i Moster Amfi med utdeling av premiar, kulturprogram, sal av mat og utstilling.

Knarvik/ Lindås:

Sjølve Knarvikmila 1999. 5 km, 10 km og naturløype.
Av premiar nemner me: Tur til Karibia for to – Tur til Svalbard for to – Sportsutstyr.



Andre aktivitetar under kystsogevekene 99

- *Lygra/Lindås:* Lyngheivandring med guide kvar dag.
- *Matre/Masfjorden:* Bjørn West museet har ope kvar dag. Måndag-fredag kl. 11.00-16.00, laurdag og søndag kl. 13.00-16.00.
- *Sletta/Radøy:* Vestnorsk utvandringssenter. Ope kvar dag kl. 12.00-18.00. Frå 21. august til 31. august ope laurdag og søndag kl. 12.00-18.00.
- *Fitjar:* Båtdag i Færøysund i byrjinga av august. Dato vert annonsert.
- *Fitjar:* Utstilling som syner åkle og teppe frå Fitjar i Biblioteket. 1. til 19. august.
- *Fitjar:* Maleri av den lokale kunstnaren Karl Gloppen vert utstilt i Biblioteket. 20. til 31. august.
- *Fitjar:* Salsustilling i Dalebua. Utstilling og sal av åkle, strikkevarer m.m. Ope 23. til 29. august.
- *Fitjar:* «Seladon» ligg ved kai. Seglturar med restaurert seglkuttar for skuleklassar og firma. 23. til 29. august.
- *Sunnhordland Folkemuseum/
Stord:* Syner utstillinga om Baard Haugland. Ope månd./tyisd./torsd./fred. kl. 10.00-15.30. Onsdag og søndag kl. 16.00-19.00.
- *Årbakka/Tysnes:* Årbakkaområdet og husa er opne frå 5. juni til 15. august med skiftande utstillingar og arrangement.



Frå steinalder til oljealder

Historia om Austrheim fortel mykje om den utviklinga som har gått føre seg i kyststroka i Sør-Noreg, frå jakt og fangst for 5000-6000 år sidan til oljefordling i vår eiga tid.

Den som i dag tar turen gjennom kystlandskapet mellom Fensfjorden, Fedjefjorden og Lurefjorden ser mange spor etter denne utviklinga. Her er buplassar frå steinalder, tufter frå vikingtida og mellomalderen, steingardar og sjøhus frå førre århundre, og ikkje minst oljealderen sine vegar, bru-

spenn og høgteknologiske installasjonar. Historia om Austrheim er historia om korleis mennesket formar og pregar landskapet i sin kamp for ta i bruk naturressursane. I dag gjev oljeindustrien på land og hav flest arbeidsplassar for dei omlag 2600 innbyggjarane i denne vakre øykommunen.



Fonnes. Foto: Østrem

Satsingsområde

Fonnes

Laurdag 14. aug:

Kl. 10.00 - 16.00.

Tema: «Det var ein gong ...»

Vi friskar opp att gamle tradisjonar knytt til liv og emåte i ei kystbygd.

Aktivitetar:

Kva er ei «pøtetrova»? Korleis såg eit ålebruk ut? Klarar «nothundane» av 1999 å gjennomføra eit kast med den gamle landnota? Korleis spleisar ein tau? Kva gjer ein når ein skal klinka ein båt? Dette og meir til kan du få svar på ved å møte på Fonneskaia denne laurdagen. Arne Høyland spelar gitar og syng strilaviser. Humørspreiaren Karstein Stene underheld med «gode skoser» frå strilalandet. Det vert utstilling av sjø og fiskereiskapar frå nausta i området.

Karen viser deigamle handverkstradisjonane. Som avslutning på «Det var ein gong»-dagen skal den gamle landnota og notbåten prøvast, leia av basen i færingen.

For informasjon:
telefon 56 16 90 50



Ruser og gamle fiskereiskapar høyrer med på Fonneskaia. Foto: Knut Risnes.

Detaljert program for Kystsogevekene i Austrheim, sjå s. 5



Øya vest i havet

Fedje kommune ligg lengst nordvest i Hordaland, og er den vestlegaste kommunen i Noreg. Kommunen består av hovudøya Fedje og 125 mindre øyar, holmar og skjer. Folketalet er kring 700.

Fedje er ikkje Costa del Sol og ikkje den franske riviera. Her finst mange grå dagar. Storm, sjøgang og strie regnelingar er kvardagskost for oss som bur her. Men så - uventa og velkome - tørkar sola skyene bort. Så tagnar vinden, og så ligg Fedje med alle sine holmar og skjer bada i det store lyset. Og ingen stader er himmelen så stor som over ei øy i havet.

Du er aldri einsam her ute. Ver vår gjest, me bryr oss om deg. Prat med folket og lat oss lære kvarandre å kjenna. Me har enno tid til å vera menneske mot menneske.



Aktørane i Fedje spelet på Krømmerholmen, 1997.

Satsingsområde

Krømmerholmen

Krømmerholmen handels- og gjestgjevarstad frå det 17. hundreåret er ein av dei gamle privilegerte handelsstadene som pengesterke kjøpmenn i Bergen etablerte og dreiv. I 1842 vart ei ny handelslov innført. Denne gjorde slutt på dei gamle privilegia, og handelen på Krømmerholmen tok slutt i 1880-åra. No er Krømmerholmen restaurert og rehabilitert etter antikvariske retningslinjer, og framstår både som ein historisk og moderne gjestgjevarstad. I sjøbua er der etablert eit enkelt kystmuseum kalla Fedjesamlingane.

Der kan du gjera deg kjent med det som eingong var på Fedje, - slitet i kvardagen, dramatikken på havet og sosiale tilhøve i glede og sorg. I tida 13.06. - 15.08. er samlingane opne kvar dag kl. 12.00 - 17.00.

21. aug: Torgdag. Salsboder, aktivitetar og underhaldning.

Fedjespelet. Dette spelstykket hadde urframføring i 1997. Spelet er no utvida, vert også i år framført på utplassen på Krømmerholme. Det viser litt av livet på handelsstaden og av samfunnslivet på Fedje for 200 år sid. Fedje teaterlag er aktørar, n Ragnhild Randal som instruktør.

Klokkeslett for dei ymse aktivitetane vert kunngjort seinare.

Hellisøy fyr

Hellisøy fyr ruvar mot horisonten, eit velkjent landemerke der det ligg på ei lita øy i sørvest av Fedjeosen og storhavet.

Hellisøy fyr vart tent i oktober 1855. Det runde støypejernstårnet har ei høgd på 33 meter og ei lyshøgde på 46 meter over havet. I 1954 fekk fyret elektrisk straum frå land. På denne tida vart og drifta lagt om, slik at familien til fyrvaktaren ikkje lenger skulle bu på fyrstasjonen. Fyret vart automatisert i 1989 og frå 1992 har stasjonen vore ubemanna. Under kulturminnestafetten i 1997 vart Hellisøy fyr - som det mest karakteristiske symbolet for Fedje - utpeika som Fedje kommune sitt kulturminne.

Juni - august:

Fyrsafari til Hellisøy fyr laurdag og søndag kl. 12.00 - 15.00. Atterhald om dårleg ver. Elles etter avtale.



Hellisøy Fyr. Foto: Øyvind Olsnes

For informasjon om overnatting, turforslag, guiding og aktivitetar - ta kontakt med:

Turistinformasjonen på Fedje,
«Filialen», tlf. 56 16 43 20.

Ope mandag - laurdag
kl. 10.00 - 17.00, søndag
kl. 12.00 - 15.00.

Eller: Nordhordland
Reiselivslag, turist-
informasjon, tlf. 56 35 16 01
fax. 56 35 21 60.

**Detaljert program for Kystsogeveken
i Fedje, sjå s. 4-8**



Heilt sørvest i Sogn og Fjordane ligg Gulen kommune som eit «bruhovud» til Hordaland. Kommunen har ein spennande natur med om lag 1500 øyar, holmar og skjær, og eit fastland med små dalføre som går på kryss og tvers i landskapet. Dei om lag 2500 fastbuande i kommunen fordeler seg ganske jamt i dei 4

skulekrinsane Brekke, Dalsøyra, Eivindvik og Byrknes. Spennet er langt frå dei ytste jomfruelege og nakne øyane mot Nordsjøen i vest, til dei frodige landbruksbygdene mellom dei ville fjella i aust, mot Stølsheimen.

Kystsogevekene i Gulen vil innehalde ei rekkje arrange-

ment i heile kommunen, m.a. toving av klede på nyrestaurent stampe på Takle, Hovden-kveld i Gulen kyrkje, utstillingar, rekebord. For informasjon om reisemåte, overnatting og aktivitetstilbod:

Reisemål Ytre Sognefjord og Dalsfjord, tlf. 57 78 43 42
(www.jensbua.no)

Satsingsområde

Håkonarspel

«Håkon Adalsteinfostre i Gula»

Av Johannes Heggland

Musikk:

Jostein Stalheim,
«Håkonsiana» Ketil Hvoslef

Regi:

Otto Homlung

Lokal prosjektleiar:

Tor Leif Mongstad

Inspisient:

Ingrid Hellwege Haveland

Medverkande:

Lasse Lindtner, Agnete G. Haaland, Stein Arild Espeland, Kyrre Eikås Ottersen, Silje Skjemstad, Elin Grytting og om lag 90 amatørar frå Gulen.



Håkon den Gode døypr skip på Gulatinget. Foto: Finn Rune Engelsen.

Musikarar:

Manger Musikklag

Kor:

Gulatingkoret

Produksjon:

«Håkonarspelet i Gulen»,
Stiftinga Kystsogevekene,
Sogn og Fjordane Teater, Sogn
og Fjordane fylkeskommune.

Stad:

Flolid, Eivindvik

Tid:

Laurdag 7. august kl. 15.00.
Sundag 8. august kl. 15.00
Gulatinget – vikingtunet på
Flolid som gjev rette stemninga
før spelet – er oppe frå kl. 12.00

*Billettar får ein kjøpa på
posten.*

BILLETTSERVICE
tlf. 815 33 133

Eivindvik kulturminneområde

Prestegardsstien

går langs den ruvande steingarden som omkransar innmarka på den gamle prestegarden. På turen kan du oppleve eit mangfald av kulturminne, t.d. to praktfulle steinkrossar som er 1000 år gamle, Gulen kyrkje og den gamle prestegardsbygningen.

utgangspunkt for markeringsdagen den 15. august.

Gulatinget

det fyrste landsdelstinget i Noreg og ein viktig grunnstein i oppbygginga av nasjonen etter rikssamlinga, vart skipa i Gulen ein gong før år 900 og halde her med årvisse samlingar til rundt år 1300. No har det lenge vore stille på tingvollane ved Gulafjorden. Men ei ny tid er i emning for Gulatinget. Håkon den Gode har med «Håkon Adalsteinfostre i Gula» funne attende, vikingtunet står klart til å ta i mot tingfolket, og Gulatingparken er under utvikling i eit vakkert og særprega kulturlandskap. Parken vil kunne markere Gulatinget langt utom landet sine grenser - grunntemaet er det same som for tusen år sidan, men funksjonen er ny.



Telearbeidarar frå Gulen
(SFF 900490002)

Gulen Fiskarbondemuseum på Byrknesøy

Heilt fram til etterkrigstida var fiske og jordbruk i kombinasjon den vanlege levevegen på kysten. Gulen Fiskarbondemuseum i Barvågen som inneheld eit autentisk fiskarbondbruk frå førre hundreåret, vil gjere denne saga synleg og levande. Museet har fleire båtar og ei fin samling gamle gjenstandar, og er utgangspunkt for årlege kystkulturmonstringar. I år syner museet fram utstillinga «Farandlag», som viser utbygginga av telelinjenettet på vestlandet, der gulingane gjorde ein spesielt stor innsats.

Nils Griis Alstrup Dahl (1778-1852)

prost og opplysningsmann, gjorde eit eineståande godt arbeid på mange område, m.a. innfor skulevesen og opplysningsarbeid, helsestell, jordbruk og utskifting av om lag 200 jordeigedomar i Gulen. Dahl sin innsats vert gjort levande gjennom ein årleg temabasert Dahl-dag med ymse innslag, m.a. dramatisering og føredrag. I år er innsatsen for folkehelsa



Gulen Fiskarbondemuseum, Byrknesøy

For informasjon: Gulen kommune, telefon 57 78 20 50

**Detaljert program for Kystsogeveke
i Gulen, sjå s. 4, 5, 6 og 8, 9 og 11**



Vikingtid og strilekultur

Vikingtid og strilekultur er stikkord når du vil føle Nordhordland på pulsen. Her, i det som i dag er Lindås kommune, var det sentrale midtpunktet i distriktet på Harald Hårfagre sine dager, og slik er det også i dag. Det er i Lindås du finn hotella, region-senteret og utgangspunktet for mykje av oljeverksemda i Nordsjøen. Det er her du finn Håkonshaugen, der Håkon den Gode i følge tradisjonen skal vere gravlagt, og bøkeskogen, den nordlegaste i verda.

Satsingsområde

Håkonarspel

«HÅKONARVARDE» av Johannes Heggland

Musikk:	Jostein Stalheim «Håkonsiana» Ketil Hvoslef
Regi:	Otto Homlung
Medinstruktør:	Arvid Ones
Medverkande:	Bjørn Willberg Andersen, Agnete G. Haal Stein Arild Espeland, Kjersti Wiik og 50 amatørar.
Kor:	Seim Songkor
Orkester:	Eikanger Bjørsvik Musikklag
Produksjon:	Lindås kommune - Stiftinga Håkonshaugen - Stiftinga Kystsogeveken Støtta av Hordaland Teater
Stad:	Håkonshaugen - Seim
Tid:	Framsyning den 28. august kl. 16.00 Framsyning den 29. august kl. 16.00

Billetter får ein kjøpa på posten.

BILLETTSERVICE tlf. 815 33 133



«Håkonarvarde» - Seim. Foto Arne Årseth

Lyngheisenteret på Lygra

50 minutt frå Bergen. Viser publikum korleis fiskarbonden har nytta kystlandskapet gjennom fleire tusen år. Busetjing og utnytting av ressursane frå steinalderen og fram til i dag vert gjort synlege langs kysten i lyngheilandskapet. Kulturhistorisk gardsdrift. Lyngheivandring med guide kvar dag. Open kafeteria på informasjonssenteret frå 3. juli. For nærare informasjon tlf. 55 23 99 90. Offisiell opning sommaren år 2000.

Knarvikmila 5. sept.

Største idrettsarrangement på Vestlandet.

For informasjon om pakketurar for grupper, overnatting, turforslag og guiding ta kontakt med :

Nordhordland Reiselivslag.

For informasjon

tlf. 56 35 16 01

fax. 56 35 21 60.

**Detaljert program for
Kystsogeveke i Lindås,
sjå s. 8-11**



Lygra, mai 96. Foto Steiner Ekkeren

Håkonarhelg i Seim

Laurdag 28. aug. 1999

Eit mangfald av tilbod for dei besøkande på Seim under spelet. Start kl. 11.00.

Ringbuss rundt Seim heile dagen. Historiske, guida vandringer til

1) Bøkeskogen som var eit merke alt på dei tider Håkon den Gode oppretta leidangsordninga som eit forsvar for kyststripa.

2) «Kåken» i Thorsheims-skogen som er ei bortgøymt heimefronthytte bygd i 1944.

3) Håkonshaugen der du får høyra bl.a. om leirkrukka på Reinemyra, det gamle klyngjetunet, kongsgarden til vikingkongane og Tora Mostrastong, mor til Håkon den Gode.

Open kyrkje med orgelmusikk og omvising: Seim sokneråd inviterer.

Open Gard : Seim bondekvinnelag og Seim bondelag.

Salsutstilling :

Husflidprodukt og kunst.

Servering: Middag og kaffi i Strilatun og Vallavik Feriesenter.

Søndag 29. aug. 1999

Start kl. 09.30. Buss frå parkeplassplassen v/Seim skule til Fosse i Alversund.

Håkonarmarsjen 1999.

Historisk marsj langs ruta kong Håkon den Gode vart førd frå Laberget i Alversund til Kongshaugen på Seim.

Gudsteneste i Seim kyrkje.

Etter gudstenesta inviterer Seim sokneråd til open kyrkje med orgelmusikk. Ringbuss rundt Seim heile dagen.

Historiske, guida vandringer som laurdagen.

Servering : Middag og kaffi i Strilatun og Vallavik Feriesenter.



Djupe dalar, ville fjell

Masfjordnaturen er vekslende. Frå dei nakne skjera utmed Fensfjorden til det sundrivne fjell-landskapet tusen meter over havet – der dei første tunne armane av Haugsdalselva hentar vatn ut av snøfonnene. Er du båtmenneske, kan du vera for deg sjølv i eit avgøymd sund utanfor Risnes. Fjellturisten skal gå lenge før han går seg lei. Stordalsområdet har eit fint fjellterreng både sommar og vinter. Vasskraft og havbruk er dei viktigaste næringsvegane, vasskrafta er berebjelken i heile Masfjordsamfunnet. Det bur ca. 1.800 menneske i kommunen.



Haugsvær - G.nr.47 i Masfjorden. Foto Gunnar Svein Haugsvær

Satsingsområde

Bjørn West museet i Matre

Bjørn West-museet ligg i Matre, inst i Masfjorden ved E 39, ca. 90 km nord for Bergen. Museet har namnet sitt etter ein geriljabase som blei etablert i fjellområdet rundt Matre dei siste seks månadene av den 2. verdskrigen. I dei allierte sine planar skulle basen operera som reserve bak dei tyske linjene i tilfelle alliert invasjon. Historia om Bjørn West er dramatisk, interessant og spennande norsk krigshistorie, som det er museet si opp-

gåve å ta vare på og formid-
vidare til nye generasjonar.
Museet har eit biletspel m
norsk, engelsk og tysk tale
Ope kvar dag i juli og aug
Måndag - fredag
kl.11.00-16.00
Laurdag - sundag
kl.13.00-16.00
Ope kvar laurdag og sund
frå april til og med septem
kl.13.00-16.00
For grupper etter avtale m
museet. Tlf.56 36 63 00 /
36 62 39 / 56 36 60 14.

Under Bjørn West-marsje
sundag 22. august vil mus
vera ope frå kl.10.00. Der
dagen vil veteranar vera
omvisarar på museet.



Frå Bjørn-West marsjen. Kringlebots-
vannet, og delar av Kløvefjellet, der dei
siste kampene mellom tyskarane og
Bjørn West stod

Bjørn West- marsjen:

Kvart år sidan 1982, ein søndag i august, vert det arrangert Bjørn West-marsj. Marsjen går frå Little-Matre-stølen, over Kringlebotn til Stordalen, der det vert lagt ned krans på minnesteinen over dei som fall. I dei siste krigsvekeane var det mange trefningar mellom Bjørn West styrkane og tyskarane i Stordalen, Kringlebotn og ved Little Matrestølen. I kampene miste 6 nordmenn og fleire tyskarar livet. Det er sett opp skilt på alle stader der norske fall i 1945. Dei siste åra har det vore nær 1.000 deltakarar på marsjen.

22. august:

Turnmarsj som går frå Little Matrestølen over Kringlebotn til Stordalen. Omvising på Bjørn West-museet av veteranar.

I tida frå kl.07.30 til 10.30: Deltakarane vert køyrde i buss frå Matre til Little Matrestølen. Kl.16.00: Minnestund i Stordalen ved støtta over dei falne i 1945.

Fjon fjellkyrkje:

Fjellkyrkja ligg like ved vegen til Haugsdal. Kjem du nordover frå Bergen, køyrer du av E 39 straks før du kjem til Masfjordtunnelen.

29. juli kl. 19.00

Olsokgudsteneste. Etter gudstenesta vert det servert mat m.m.

Fiskefestivalar:

2. og 3. juli på Masfjordnes.
17. juli på Risnes.

Detaljert program for Kystsogevekeane i Masfjorden, sjå s. 7 og 11



Porten til Nordhordland

Meland kommune er inngangsdøra til Nordhordland. Ein populær stad for dei som vil få

seg ny bustad. Det har vore ei omfattande husbygging dei siste 10-15 åra. Frdige Holsnøy, største øya i kommunen, har tett i tett med idyllar og historiske perler som

minner om den gong då sjøen var ferdsselsveg. Også Flatøy ei naturperle i Nordhordland. Herifrå kan du gå til Håøy, ei populær stad for strandhogg dei som kjem sjøvegen.

Satsingsområde

Holmeområdet

Holmeområdet var frå gammalt eit aktivt landbruksområde, der utmarka var ein viktig del av gardsdrifta. Dette kan ein sjå av hustufter og noverande bygningar. Sveitserhuset som er under restaurering vil vise ei tosidig historie, både som gardshuset på Holme før utskiftinga og som feriebusad for fagforeininga Bergen Jern og Metall. Holmeknappen var i eldre tid ein sentral plass der det var meieridrift, post, butikk, bakeri, bøkerverkstad og saltebu. Kystsogeveken 99 vil fokusere på livet i Holmestova, sjøbruksmiljøet og bøkterhandverket i Sjøbua. På hovuddagane vil vi freista å få fram saga om plassen Holme gjennom forteljarkunst og dramatisering.



Frå Holmestova.

Holmestova - museum

Holmestova er ei leimstove frå 1551, og er ein av dei eldste bygningane i Nordhordland.

Sundag 15. og 29. august:

Kl. 14.00 – 18.00.

Det vil vera guide i Holmestova desse dagane. Framsyning av gamle handverkstradisjonar m.a. karding/spinning ved Elsa Brakstad, treforming ved Sigbjørn Bratland, demonstra-

sjon og sal av lefsebakst v/Rigmor Rogne.

Forteljarkunst/dramatisering av saga frå staden v/Meland revyen.

Holmestova og Sjøbua er ell opne kvar sundag m/guide fr 23. mai – 12. oktober 1999. Elles etter avtale med Meland kommune, tlf. 56 17 40 00.

For dei som har interesse av sjå eit hus som er under restaurering, kan guidane syne deg Sveitserhuset med historie heilt tilbake til 1700-talet.

Sjøbua - museum

Museum for kysthistorie.

Sjøbua frå 1700-talet har vore brukt som bøkkerverkstad, saltebu, butikk og skjenkestove.

Sundag 15. og 29. august:

Kl. 14.00-18.00.

Lokale guidar i Sjøbua desse dagane. Sal av småprodukt frå Norsk tradisjonsfisk i Sjøbua.

Sundagar i august:

Kl. 14.00-18.00.

«KRAMBUA» til Anne Johnsen på Holmeknappen. Sal av kunst/husflid frå "Vilja".

Quakt Anne Johnsen for besøk utanom desse tidene på tlf. 56 17 70 29.

**Detaljert program
for Kystsogevekene
i Meland,
sjå s. 5, 6, 7 og 9**



Sokneprest Helge Hiland saman med «ro-karane» Arnt Brakstad, Agnar Sagstad, Leif Johnsen og Knut Sagstad.

Sundagar i august:

«Holmeknappen kaikafe» vil vera open for servering av middag ved sida av vanleg kafesal. Tlf. 56 17 60 77.

15. august:

Kl. 11.00-12.00. Friluftsgudsteneste på Holmeknappen.

29. august:

Vestbygdmarsjen.

Start frå Vestbygd skule.

Lang løype:

Påmelding/start kl. 12.00.

Kort løype:

Påmelding/start kl. 13.00.

Arrangør: Holmemarka Vel.



Gudsteneste på Holmeknappen i samband med Kystsogevekene i september 1997.



Fiskelykke. Foto Jostein Vågnes

Den grønne øya

Tilnavnet «Den grønne øya» viser til den vakre og frodige naturen i kommunen. Radøy kommune ligg sentralt i Nordhordland, 40 km nord for Bergen. Arealet er 110 km² og folketallet om lag 4500. Kommunen er eit eldorado for friluftinteresserte. Her kan du

spasera på stiar tvers over øya. Du kan fiska i innlandsvatn på dei mange gode fiskeplassane i sjøen. Tjorehagen også vel verdt eit besøk.

Satsingsområde

Bogatunet

Bogatunet er eit gardstun frå 1600-talet, i eit historisk kystlandskap og sjøbruksmiljø. Det er bevart i sitt opphavlege miljø. Det samanbygde huset inneheld dei fire delane: Eldhus, røykstove, bu med loft og glasstove. Glasstova er yngst og er frå byrjinga av 1800-talet. Loftet over bua vart bygd kring 1735. Det vart rive i 1905, seinare vart det rekonstruert. Tidlegare var det svalar kring huset, desse er borte. Huset viser trekk frå den mellomalderlege byggeskikken i det nordatlantiske kulturområde. Det er svært få slike bygningar bevart i kyststroka i Vest-Noreg.



Ein «familie» på Bogatunet 1997. Foto: Nordhordland Avis.

Frå 23. til 27. august

vil ein «familie» bu på tunet, og levandegjera kvardagen for ein familie på 1850-talet på Strilalandet. Det vert servert tradisjonsrik mat.

Ope frå kl. 12.00-18.00. Elles er det ope kvar sundag i juli og august frå kl. 14.00-19.00.

Sundag 29. august

Radøy sogelag skipar til Bogatunstemne. Opplegget v verta samordna med arrangementet i Manger kyrkje same dag. Utover dette etter avtale med: Berit Kvalvik tlf. 56 37 32 73, eller Radøy kulturkontor tlf. 56 34 90 31.

Tjorehagen

med sine 300 ulike rodo-
dendronarter og like mange
tre og buskar, er vel verd
eit besøk.

Sesong: April - oktober.

Sundag 29. august:

Hausdag i Tjorehagen.

Hagevandring, haustrabatt på
☞ planter, kaffi og vaflar.



Emigrantkyrkja - flytta frå Brampton ND. USA. Foto: Rould Straume

Manger Kyrkje

Sundag 29. august

Kl. 11.00: Gudsteneste i gam-
mal stil. Målet er å skipe til
ein kyrkjesundag slik den arta
seg på Radøy i førkrigstida.
Folk vert oppmoda om å stilla
i dei gamle bestekleda og å
reisa til kyrkja enten med hes-
teskyss eller gåande til fots.
For enkelte kan det vera natur-
leg å ro eller sigla i den gamle
feringen. Veteranbussar vil
☞ så verta nytta til kyrkje-
skyss. Radøy sogelag har
også lagt Bogatunstemna til
29. august. Opplegget i kyrkja
vil verta samordna med
Bogatunet.

**Detaljert program
for Kystsogevøkene
i Radøy,
sjå s. 7, 8, 9 og 11**

Vestnorsk utvandringssenter

Vestnorsk utvandringssenter
vart opna 4. juli 1997, og inne-
held Emigrantkyrkja, Bram-
pton Lutheran Church, henta
heim frå Nord Dakota USA.
Vidare er det knytt eit unikt
utvandararkiv for Hordaland
og Sogn og Fjordane til sente-
ret, og der er reist fire bauta-
steinar knytt til norsk-
amerikansk historie og til
den norske innsatsen i
2. verdskrigen. Det er og
henta heim ei skulestove, ei
nybyggjarstove og ein lærar-
bustad frå pionertida.
Opningstider: 1. til 20. juni:
Laurdag/sundag
kl. 12.00-18.00
21. juni til 20. august:
Kvar dag kl. 12.00-18.00
21. august til 31. august:
Laurdag/sundag
kl. 12.00-18.00

Elles etter avtale

tlf. 56 37 20 00

Pris: Vaksne kr. 20,-,
born over 7 år kr. 10,-
Eige gruppeprogram.

Laurdag 3. juli:

Utvandrarkveld i
Emigrantkyrkja. Kontakt
senteret tlf. 56 37 20 00.

Sundag 4. juli:

Festgudsteneste i Emigrant-
kyrkja. Markering av den
amerikanske nasjonaldagen
i samband med utvandringa til
Amerika. Ein av desse dagane
vert det framsyning av delar
av Johannes Heggland sitt
skodespel «Amerikafeber».



Loddefjord er den vestre bydelen i Bergen, og har ca. 22.000 innbyggjarar. Bydelen er omkransa av Kvarven og Lyderhorn i aust, Byfjorden i nord, Hjeltefjorden i vest og Raunefjorden i sør.



Håkon Adalsteinfostre og Tora Mostrang. Foto: Oddmund Lunde, Dagbladet.

Satsingsområde

Haakonsvern

Vestlandets sjøforsvarsdistrikt.

*Håkonarspel «Håkon Adalsteinfostre»
av Johannes Heggland*

Musikk:

Knut Vaage,
«Håkonsiana» Ketil Hvoslef

Regi:

Otto Homlung.

Medinstruktør:

Christian Venge

Orkester:

Laksevåg Musikkforening

Dirigent:

Reid Gilje

Kor:

Medlemmer av Bergen
Operakor

Medverkande:

m.a. Agnete G. Haaland,
Stein Arild Espeland, Kjersti
Wiik, Tor Bjørge og ca. 50
amatører.

Produksjon:

Ungdomslaget Spiren, Stiftinga
Kystsogevekene, Vestlandets
sjøforsvarsdistrikt, Loddefjord
Kulturkontor. Støtta av
Hordaland Teater.

Tid:

Årspremiere laurdag 14. aug.
1999 kl. 15.00

I samband med spelet vil
Haakonsvern orlogsstasjon
rangere «open dag» for spel-
publikum. Kl. 14.00-18.30.
Aktiviteteane vil i hovudsak v
i nærleiken av spelstaden.

Utdeling av Kystsogeprisen i
Loddefjord rett etter spelet.

*Billetter får ein kjøpa på
posten.*

BILLETTSERVICE
tlf. 815 33 133



Fotoavdelingen KNM TORDENSKJOLD

Håkonshella

Håkonshella ligg mellom Vatlestraumen i syd og Alvøypollen i nord. Hella tyder «eit berg eller fjell», og navnet Håkon har staden fått etter Håkon den Gode, som både vart fødd og døydd på «Hella». Det er reist ein bautastein nede ved sjøen til minne

om vikingkongen. Frå Bergen sentrum er det 20 km til Håkonshella.

Onsdag 18. august:

Kl. 19.00-21.00 vert det også i år arrangert gamaldags bedehuskveld i Vassenden bedehus.

For informasjon:

tlf. 55 93 03 05/55 90 23 60

Alvøen

Alvøen Hovedbygning er open kvar søndag frå mai til september kl. 12.00 – 16.00 .
Kafé .

For omvising utanom opningstidene kan ein kontakte Vestlandske Kunstindustrimuseum
Tlf. 55 32 51 08.




Foto Liv Ludvigsen

Detaljert program for Kystsøgevekene i Bergen, sjå s. 5 og 6



Langt ute i vest, der landet møter sjølve storhavet, ligg Austevoll. Eit lokalsamfunn basert på fiske og fiskeoppdrett med til saman 667 store og små øyar. Her er det 4300 innbyggjarar fordelt på 10 øyar. Austevoll er i dag ein av dei leiande fiskeri-kommunane i verda og ein av dei aller største oppdrettskommunane i landet. Mellom Sel-bjørn og Stolmen er verdas lengste fritt-fram-bru (hovudspenn 301 m.).



Brugdebåten «Bregdo» under fulle segl. Kopi av brugdebåt frå 1790.

Satsingsområde

Bakkasund

Bakkasund på Storekalsøy lengst nordvest i Austevoll har lange tradisjonar for handel, fiske, losing og småbruk. Her er eit rikt miljø med kyst-museum og landhandel med småbåthamn. På Storekalsøy er kolera-kyrkjegard, loshytte,

kapell og naturleg amfi på Skansen mot storhavet. Landhandelen og kyst-museet held ope kvar dag 2. til 8. august. 7. august museum-skafé. Loshytta vert opna etter avtale. Frå denne kan du m.a. sjå Marsteinen fyr og havet.

Delar av Nordsjø-løypa går over Storekalsøy, -informasjon om løypedelen er utarbeidd.

Kontakt: Unn Kalve på tlf. 56 18 31 90 / 56 18 31 27

Kvalvåg

Kvalvåg på øya Stolmen, lengst sørvest i Austevoll, er gammel og tradisjonsrik handelsstad. Her er stor bygningsmasse med m.a. trelastlager frå 1890-åra på nære 2.000 m², brennevinsbu frå 1700-talet, bustadhus frå 1830-åra og naust under restaurering. Her er eit flott kaianlegg. Her er ein stor løebygning frå 1892 og andre uthus. Her er gammal kyrkjegard og kyrkje. Møkster kyrkje frå 1892. På Stolmen er restar etter steinalderbuplassar og krigsminnesmerke, store naustmiljø, vakre murar, kulturlandskap m.m.

Sundag 8. august:

Kl. 11.00 – 16.00: Gudsteneste, visning i Kvalvåg, ope hus i «Pettershuset» v/Stiftelsen Kvalvåg Seilsenter. Ein kan gå Nordsjøløypa eller guida tur til Ystaneset, marknad og sal av rømmegraut og spekemat. Open kafe.

Kontakt Olav P. Årland,
tlf. 56 18 50 80

**Detaljert program
for Kystsøgevekeane i Austevoll,
sjå s.4, 5, 8 og 9**



Bekkjarvik torg ligg idyllisk til saman med det tradisjonsrike Bekkjarvik Gjestgiveri. Her er også ei framifrå gjestehamn.

Bekkjarvik

Bekkjarvik på Selbjørn har lange tradisjonar som hamn, handels- og gjestgjevarstad. I fyrste halvta av hundreåret var Bekkjarvik ein viktig industristad med stor tønnefabrikk og sildesalteri. Staden er i dag ein viktig base for fiskeri. Her er gjestgiveri i drift, butikkssenter, bibliotek, skule- og kulturbygg, idrettssbane, kyrkje frå 1898 og mange eldre og moderne bygningar i svært god stand. Staden er i dag eit spennande reisemål.

Laurdag 28. august:

Askøy–strilane. «Skillingviser ved dei over 60 og ikring». «Hamp og Havstrib» i Hengjo. Kl. 18.00 og 21.00. Folkeliv, mat og kultur i Bekkjarvik. Handelsstanden skipar til torgdag.

Kontakt Karl Olav Kalvenes
tlf. 56 18 01 46/56 18 43 63

Sundag 29. august:

Friluftsgudsteneste på Skjeret i Bekkjarvik kl. 11.00. «Christkids». Familieframsyning i Hengjo kl. 16.00.



Bømlo er eit øyrike med Nord-sjøen som næraste nabo i vest. Kommunen omfattar vel 1000 øyar med eit samla areal på 247 km², og har 10500 innbyggjarar. Folket har til alle tider vore knytt til sjøen. Også i dag set skipsfart, fiske, fiskeoppdrett og verksemdar knytte til det maritime miljøet preg på næringslivet.



Brandasund

Satsingsområde

Brandasund

Gamal handels- og gjestgjevarstad frå 1600-1700 talet.

Aktivitetar:

Laurdag 4. september:

I det gamle tunet vert det arrangert torghandel. Trekkspelmusikk. Fabrikkløftet er ope frå 12.00-01.00: Det vert servert tradisjonell kystmat fram til kl. 21.00. Ankomst av båtkonvoi frå Røyksundkanalen ca. kl. 15.00.

Kl. 21.00: Bømloteateret ved Johan Kr. Nesse, Kjell Olav Skaret med fleire fortel historier og underheld.

Resten av kvelden svingar me oss til trekkspelmusikk.

Naustvika Ullverkstad og Steinsmle

Demonstrasjon og sal av brukskunst kl.10.00 – 17.00.

Gullgruvene på Lykling

Ola Olsen Lykling heitte ein liten gut som medan han gjette sauer i utmarka, fann det fyrste gullet på Lykling. Tjue år seinare fann ein gull i «Storhaugen Grube». Dette utløyste eit «gullrush» utan sidestykke i Noreg.

Sundag 29. august:

Kl. 14.00. Gruvevandring. På vandringa, som tek om lag

2 timar, møter de rallar sine rallarviser og ser spor av gruvedrifta i de prega naturen. Bli med Sunnhordland Guideter ei spanande gruvevandring, opplev historia om gullfattigdom, klasseskilje og arbeidstilhøve.



Frå Bømloteateret sitt oppsett «Gullgravere»

Espevær

Espevær er eit «fiskevær» yttarst i Bømlafjorden med lune hagar godt skjerma frå storhavet. Espevær er mellom anna kjent for grønnsteinsbrotet på Hespriholmen (4-5000 f.kr.), Baadehuset frå «vårsildfisketida», Hummarparken, UFO-ringa og kabel-



Aktivitetar:

Sundag 8. august:

Espeværsdag.

Omvising i Baadehuset
kl. 11.00-17.00.

Her møter du fiskerioppsyn og fiskarar og får servert hellebakst. Demonstrasjon av gamle motorar, Rapp oppfyringsmotor, 2 hk Rubb og heile serien til Saab Semidiesel ved Johs. Mæhle's mek. verkstad.

I Hummarparken vert det omvising kl. 11.00-17.00.

Laksegrilling, sal av krabbe og røykelaks frå kl. 12.00.

På Biekråno Kafe vert det

«kystmat».

Oppe kl. 11.00-20.00.

Sjørøvarklubben for born i alderen 5 - 12 startar kl. 14.00, og påmelding skjer på kafeen mellom kl. 11.00 og 13.00.



Espevær. Foto: Anders Stavland

Moster Amfi

Omvising i Moster gamle kyrkje og Moster Amfi, m.a. utstillinga «Frå heidendom til kristendom», sal av faglitteratur. Arena for årlege Mostraspel i mai/juni. Ope dagleg 28. juni til 22. august.

Aktivitetar:

Undervisningsopplegget «Livet langs kysten kring 1850». Bibelopplesingar. Premiere og framsyningar av «Jesus Christ Superstar». Jubileumsutstillinga om Johannes Heggland.

4. og 5. september:

Båtkonvoi gjennom kanalane på Bømlo:

Start laurdag 4.sept.

Båtkonvoi gjennom Røyksundkanalen, Kulleseidkanalen, Drageidkanalen og Dørstokken. Ankomst Brandasund om ettermiddagen.

Torghandel, trekkspelmusikk, servering av kystmat, ope på fabrikkloftet.

Avreise sundag 5. sept. til Mosterhamn. Avslutning av konvoien i Moster Amfi med utdeling av premiar, kulturprogram, sal av mat og utstilling.

Arrangementsinformasjon for Kystsogeveke:

Brandasund: 53 42 95 10, Gullgruver: 53 42 02 11, Espevær: 53 42 45 66

Detaljert program for Kystsogeveke på Bømlo, sjå s. 4-7 og 9-11



er eit idyllisk øyrike om lag midt mellom Bergen og Haugesund. Ein variert natur gir høve til rike naturopplevingar til fjells, til skogs og

ikkje minst til sjøs. Blant øyar, holmar og skjer finn vi gamle handelsstader og gardstun, som frå gammalt av og fram til i dag har fungert som samlings-

stader for fastbuande og sjø farande. Fleire av dei gamle handelsstadene er framleis i drift.

Satsingsområde

Håkonarspelet «Kongen med Gullhjelm» av Johannes Heggland



Foto: Per Egil Larsen

Musikk:

Knut Vaage

«Håkonsiana» Ketil Hvoslef

Regi:

Otto Homlung

Medinstruktør:

John Stavland

Regiassistent:

Solveig Thunestvedt

Medverkande:

bl.a. Stein Arild Espeland, Linge Haaland og ca. 50 amatørar.

Kor:

Osternes Mannskor m.fl.

Produksjon:

Fitjar kommune, Stiftinga Kystsogevekene. Støtta av Hordaland Teater.

Stad:

Håkonarparken i Fitjar

Tid:

Laurdag 21. august kl. 15.00
Sundag 22. august kl. 15.00

Billettar får ein kjøpa på Posten.

BILLETTSERVICE
tlf. 815 330133




Foto: Per Egil Larsen


Smedholmen

er ei lita øy i Fitjarøyane, der Einar Matre og Terje Skorpen driv Smedholmen kyst- og naturlivsskule. Dei har fått Fitjar kommune sin kulturpris for arbeidet med å halda i hevd gamle tradisjonar. Flaggskipet er seglkutteren «Seladon» frå 1937, ei skute som er sertifisert for 35 personar og har overnattingsplassar om bord. Bl.a. skreddarsyr dei turar for bedrifter, lag, skular og andre grupper.

Smedholmen kyst- og naturlivsskule, 5419 Fitjar
Tlf. 53 49 74 32
Mobil: 945 06 980
Privat: 53 49 78 03
og 53 49 93 08



Einar Matre på SK «Seladon».



Barna prøver kongestolen.

Færøysund

er ein gammal handels- og gjestgjevarstad som var i drift frå ca. 1630 til 1965. Fleire av bygningane har vorte restaurerte dei seinare åra, og dei er no i bruk som buciningar for turistar.

Båtdag i Færøysund i byrjinga av august. Dato vert annonsert.

Harald Johan Sandvik,
5419 Fitjar,
Tlf. (og faks): 53 49 73 54.

Detaljert program for Kystsogevekene i Fitjar, sjå s. 6-8 og 11



«Eit Noreg i miniatyr»

fordi naturen er så variert. På Stord finn du nakent kystlandskap, store høgfjellsområde,

lun skjergard og skogkledde lier. Leirvik er regionsenteret for Sunnhordland. Ved sida av alt denne koselege småbyen kan gi av service, kan du rundt heile øya finna fram til lune,

rolege vikar. Det er korte avstandar til turistattraksjonane i distriktet, og god samferdsle dei nærliggjande byane Berg, Haugesund og Stavanger.

Satsingsområde


Sunnhordland Folkemuseum

Sunnhordland Folkemuseum er distriktmuseum i Hordaland med kontor og samlingsbygg på Leirvik, Stord. Museet har fleire bygdetun. På Leirvik har vi faste utstillingar frå jordbruk, skogbruk, sjøbruk og førhistorisk tid, dessutan viser vi ei tekstilsamling og kunstnaren Torleif Agdestein si skulptursamling. Friluftsmuseet på Leirvik omfattar landbruksbygningar, to røykstover, ei lemmstove, ein skule, ei krambu og ei strandsitjarstove.

Aktivitetar:

Sommarutstilling:

Handelsmannen, fiskebåtreiaren og politikaren Baard Haugland.



Stordgeologien er spanande. Foto: Jan Rabben.

Sundag 29.08 kl. 19.00:

Konsert inne i utstillinga om Baard Haugland ved distriktsmusikarane i Sunnhordland, inspirert av utstillinga.

Onsdag 01.09 kl. 19.00:

I museumshallen: Kåseri om Baard Haugland.
Opningstider 4. mai - 31. august 1999: Måndag, tysdag, torsdag, fredag kl.10.00-15.30.
Onsdag og sundag kl.16.00-19.00.
Laurdag kl.10.00-13.00.

Postboks 51, 5401 Stord,
tlf. 53 41 38 99.



Gjesten vert motteken på beste vis.

Sagvåg - Jensaneset

Det har vore sagt at i Sunnhordland har det vore bygd i mest kvar ei vik og på kvart eit nes. Det er vel litt overdrive, men i Sagvåg høver utsegna godt. Her låg bygjeplassane tett i tett; Jensaneset, Breiavikjo, Vervatåno, Holmen, Skjeparvik, Eriksøyro og Tjøregrovneset. Der det var plass til å strekkja ein kjøl, der gjorde dei det. Nokre var i drift berre

ein kort periode, andre i eit par mannsaldrar, medan det største, Ottesen Skibsbyggjeri på Jensanes bygde båtar i nærare 150 år. Otte Ottesen starta med båtbygging på Jensanes i 1825. Ottesen Skibsbyggjeri bygde båtar til langt inn i 1950-åra, og selskapet eksisterer den dag i dag. No vert verven leigd ut til Sagvåg Båtservice som reparerer båtar og sel motorar og båtutstyr.

Området er godt bevart, og bygningane står i dag om lag

slik dei gjorde på 1920-talet. Svært mykje av verktøyet og maskinane eksisterer framleis. Fleire av dei over 20 bygningane er restaurerte, mellom anna oppgangssaga. Smia er også om lag slik i dag som den var på 1920-talet.

Sagvågen kystlag, har vore heldig og fått leiga eit av husa på verven, der ein har samla fleire gamle robåtar og ein 32 fots gavlabåt.

Laurdag 28. august:

Vervadag på Jensaneset.

Sundag 29. august:

Kl. 11.00. Friluftsgudsteneste på Verven v/Reidar Ådnanes.

Sunnhordlandsdagane 18. og 19. juni. Familiedagar med underhaldning for born og vaksne, trebåtfestival, kapp-roing, seglbåtfregatta, utstilling i fengselet og tilskiping på Sunnhordland Folkemuseum. Ein ønskjer alle velkomne til Stord desse dagane.



Vervadag på Ottesen Skibsbyggjeri. Jensaneset.

Detaljert program for Kystsovekeene i Stord, sjå s. 8-11



Årbakka. Foto: Thorbjørn Kaland

Satsingsområde

Årbakka

På Årbakka finn du både Årbakkavollen og Årbakka Handelsstad. På vollen er eit to tusen år gammalt gravområde med restar etter ei mengd gravrøyser og minst 5 bautasteinar. Ut mot sjøen ligg den gamle handelsstaden som vart bygd for hundre år sidan. Sjøbua er i dag utstillingslokale for Kunstlaget Njardarlog, Smio har Tysnes Kystlag sine utstillingar i, og i Handelsbuo står landhandelen slik den var i tidlegare tider. Mellom vollen og handelsstaden ligg Mafis



Årbakka, urtehagen. Foto: Thorbjørn Kaland

Urtehage med meir enn 180 urter- mest krydderurter, men og nokre medisinske- og fargeplantar. Årbakka er eit ope og fint område, både for dei små som vil klatre på knausane og for dei vaksne som berre vil

Tysnes ligg i hjarta av Sunnhordland, og ber med seg det beste av både dei ytre og indre stroka - blankskura sva-berg mot vest, fjell og furuskog over midten og "hardanger-landskap" med stupbratte fjellsider på austsida. Mellom desse ytterpunktta finst ein stor skjergard og eit flott fjellområde med toppar over 750 meter.

nyte eit flott utsyn over fjorden austover mot fjella i Kvinnherad. Årbakkaområdet og husa er opne 5. juni-15. august med skiftande utstillingar og arrangement.

Laurdag 7. august:

Jubileumsutstilling. Kåseri ved Johannes Heggland «Liv og diktning». Forfatteren Johannes Heggland fyller i år 80 år og feira med ei utstilling i Sjøbua. Han debuterte med romanen «Folk under fjell» og har sidan gjeve ut nærare 60 skjønnlitterære bøker for born og vaksne. Han har skrive fleire av dei mest kjende sogespela som kvart år vert framførde, m.a. «Kristkongane på Moster» og spela om sagakongen Håkon den Gode. Heggland har skrive to band kultursoge for Tysnes, han har vore ordførar i kommunen og han har vore formann i Den Norske Forfattarforening. Kunstutstilling, og open landhandel med servering av østers og urtekrydra mat.



Johannes Heggland. Foto: Lørvedt.



Rekkjetunet. Foto: Magne Ove Kleppe.

Rekkjetunet

Rekkjetunet på Færavåg feirar i år 400-års jubileum. Rekkjetunet representerer ein gamal byggjeskikk. I gardstunet ligg bygningane i rekkje med fleire samanbygde hus. Grunna autensitet og aldersverdi har det gamle tunet og bygningane i dag regional/nasjonal verdi som eit av dei best bevarte rekkjetuna på Vestlandet.

Laurdag 14.august:

Prøveframsyning av «Tysnesmytar». Segner vil ha det til at Tysnes i gamal tid hadde ein spesiell posisjon som religiøs kultstad. Skodespelaren og for-

fattaren Ingelin Røssland og kvedaren Åsne Sunniva Søreide står bak eit samarbeidsprosjekt som vil flette mytar, segn og reelle handlingar saman til eit bilete av gudinneøya gjennom tidene. Prøveframsyninga er ein lekk i arbeidet fram mot eit ferdig mytespel i år 2000.

Nærare opplysningar hos: Kulturkontoret, Tysnes kommune, tlf. 53 43 22 22 eller Årbakka Handelsstad tlf. 53 43 51 41.

Detaljert program for Kystsogevekene på Tysnes, sjå s. 4, 5 og 11

Håkonarspela 1999



Foto: Linbjørg Sæverdal

Fire spel om sagakongen Håkon den Gode sitt liv knytt til Vestlandet

Av Johannes Heggland

Musikk: Knut Vaage,
Jostein Stalheim.
«Håkonsiana»
Ketil Hvoslef.

Regi: Otto Homlung

Dagleg leiar: Ragnhild Randal

Profesjonelle skodespelarar/songarar:
Lasse Lindtner, Bjørn Willberg
Andersen, Agnete G. Haaland, Stein
Arild Espeland, Kjersti Wiik,
Kyrre Eikås Ottersen, Silje Skjemstad,
Elin Grytting.

Spela er gjort mogleg gjennom samar-
beid mellom *Stiftinga Kystsogeveke*,
Hordaland fylkeskommune – kulturav-
delinga, *Sogn og Fjordane Teater* og
Hordland Teater og kommunane
Lindås, Gulen, Bergen og Fitjar,
saman med fleire hundre aktørar frå
lokalmiljøa.

Eivindvik/Flolid: «Håkon Adalsteinfostre i Gula». Dato: 7. og 8. august.

Haakonsvern: «Håkon Adalsteinfostre». Dato: 14. august.

Fitjar: «Kongen med Gullhjelen». Dato: 21. og 22. august.

Seim: «Håkonarvarde». Dato: 28. og 29. august.

Kystsogevekene 2000

Vert opna laurdag 5. august på
Bergenhús festning

Da vil fleire hundre aktørar vise Håkon den Gode sitt liv
«fra vogge til grav» i eit samla spel ved Håkonshallen.

Enno ein gong skal Håkon den Gode vere hovudperson
på historisk grunn i Bergen.

VELKOMEN IGJEN NESTE ÅR!

Gulen



Masfjorden



Fedje



Lindås



Radøy



Meland



Austrheim



Osterøy



Bergen



Øygarden



Os



Fusa



Fitjar



Austevoll



Bømlo



Stord



Sveio



Tysnes

